

Lov om stadnamn. Endringsforslag frå Det kongelege kulturdepartement av 10.5.2012

Fråsegn frå Nynorsklaget:

I forslaget til endring av lov om stadnamn seier Departementet at ”det kan være hensiktsmessig å innføre ulike regler for fastsettelse av skrivemåten av bruksnavn og gårdsnavn” og at ”en slik løsning vil legge til rette for en god balanse mellom eiers rett til å ha innvirkning på skrivemåten av navnet på egen eiendom og hensynet til å ivareta kulturarven”.

Nynorsklaget meiner at det ikkje må opnast for ulik normering av samanfallande gards- og bruksnamn, og nedervde bruksnamn som ikkje er samanfallande med gardsnamn, må også bli normerte etter prinsippa i lov om stadnamn. Gards- og bruksnamn er kulturminne som høyrer det norske samfunnet til – dei er kulturelle felleseige i motsetnad til slektsnamn, som er knytte til individ og slekter. Nedervde gards- og bruksnamn er primære, mens slektsnamn baserte på gards- og/eller bruksnamn, er sekundære, og skrivemåten til slektsnamna er uvesentleg for normeringa av gards- og bruksnamn. Til no har lov om stadnamn sikra at gards- og bruksnamn har vore skrivne mest mogleg i samsvar med tyding og lokal uttale. Samanhengen mellom namnegard og utskilde bruk har kome fram ved at namna har hatt eins skriftleg form.

Forslaget til endring av stadnamnlova vil skiple dette. Det opnar for at brukseigarar fritt, med støtte i tilfeldige eldre dokument, kan fastsette korleis namnet på eige bruk skal skrivast. Yngre former frå ei tid før fastlagd rettskriving, og med ein skrivemåte prega av dobbelte vokalar, ch, z, x, w og anna framand bokstavering, kan villeie brukseigarar til å tru at dette er dei eldste formene. Ein namnegard Vika kan t.d. koma til å bli omkransa av bruksnamn skrivne Viken, Wiiken, Uichen osv. om der er fleire bruk. Om eit bruk skiftar eigar, kan jamevel bruksnamnet koma til å få ein ny skrivemåte.

Dersom endringsforslaget går igjennom, vil tvilsspørsmål lett koma opp i samband med skilting, namning på kart osv. Det vil få uheldige følgjer, praktisk sett. Ulike forhold kan ha gjort eit bruk meir sentralt enn den opphavlege garden, og eit bruksnamn med ein omskifteleg skrivemåte, kan koma til å fortrenge namnegardsnamnet (primærnamnet) som adresse. Den historiske samanhengen mellom namnegard og bruk kan bli borte, og den eldste, lokalspråkleg forankra namneforma kan forsvinne frå kartet, til fordel for ei historisk sett tilfeldig form. I verste fall kan det opphavlege namnet gå ut av dagleg bruk og jamvel gå tapt som kulturminne.

Nynorsklaget bed Stortinget om ikkje å endre lov om stadnamn.

For Nynorsklaget, Tromsø 6.7.2012

Liv Irene Ingebrigtsen
(leiar)